



Notat

Dato: 31.08.2018
Arkivsak: 2015/12601-11
Saksbehandlar: ROABREI

Til: Fylkesrådmannen

Frå: Roald Breistein

Partsbrev - Budsjett for kontroll og tilsynsarbeidet i 2019

Vedlagt følger partsbrev frå sak PS 73/18 Budsjett for kontroll og tilsynsarbeidet i 2019 etter møte i kontrollutvalet 27.08.2018.

Påskrift frå sekretariatet:

Vi gjer merksam på at i «Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner» heiter det m.a.:

«Kontrollutvalgets forlag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følge formannskapet/kommunerådets eller fylkesutvalgets/fylkesrådets innstilling til kommunestyret eller fylkestinget.»

Kopi til:
ØKONOMI - OG ORGANISASJONSAVDELINGA
Nils Egil Vetlesand

Arkivnr: 2015/12601-8

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	73/18	27.08.2018

Budsjett for kontroll og tilsynsarbeidet i 2019**1. Tabell****Kontrollutvalet 110200**

		Tal i heile 1000 kr	
		Budsjett 2018	Budsjett 2019
400	Politisk styring og kontrollorgan	Bto. driftsutg. 1096	1156
		Driftsinntekter	
		Nto. driftsutg. 1096	1156

Sekretariat for kontrollutvalet 110150

		Tal i heile 1000 kr	
		Budsjett 2018	Budsjett 2019
400	Politisk styring og kontrollorgan	Bto. driftsutg. 4600	4750
		Driftsinntekter 2300	2450
		Nto. driftsutg. 2300	2300

Ekstern revisor 110250

		Tal i heile 1000 kr	
		Budsjett 2018	Budsjett 2019
400	Politisk styring og kontrollorgan	Bto. driftsutg. 2990	3091
		Driftsinntekter	
		Nto. driftsutg. 2990	3091

2. Samandrag/viktige tiltak

Etter "Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner" § 18 skal kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune utarbeide framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i fylkeskommunen. Omtala § i forskrifta lyder slik:

§ 18. Budsjettbehandlingen

"Kontrollutvalget utarbeider forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Kontrollutvalgets forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følge formannskapet/kommunerådets eller fylkesutvalgets/fylkesrådets innstilling til kommunestyret eller fylkestinget.

Der kommunen eller fylkeskommunen har en egen revisjon avgir revisjonen innstilling til kontrollutvalget om budsjett for revisjonen."

Departementets merknader til § 18

"Bestemmelsen fastsetter fremgangsmåten ved behandling av budsjett for kontrollutvalgets og revisjonens samlede virksomhet.

Når kommunen/fylkeskommunen har egne ansatte revisorer, skal revisjonen ved ansvarlig revisor avgj innstilling til kontrollutvalget om budsjett for sin virksomhet i budsjettåret.

I interkommunale revisjonsselskaper organisert som interkommunale selskaper, er det representantskapet som vedtar budsjettet, jf. lov om interkommunale selskaper § 18, noe som forutsetter at deltakerkommunen/fylkeskommunen/budsjetter må være vedtatt før slikt budsjett kan vedtas."

Kontrollutvalet har ansvar for å utarbeide budsjettforslag for kontroll- og tilsynsarbeidet i fylkeskommunen. Dette inneber at budsjettforslaget inneheld tal både for kontrollutvalet, ekstern revisor og sekretariat for kontrollutvalet.

Forslag til budsjett for sekretariat og kontrollutval baserer seg elles på erfaringane og aktiviteten i tidlegare år, særskilt åra 2016, 2017 og hittil i 2018. Forutan å vera sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune har sekretariatet pr. i dag avtale med 17 kommunar, samt Bergen Kirkelige Fellesråd (BKF) om å vera sekretariat for deira kontrollutval.

3. HovudutfordringarBemanning i sekretariatet:

Det har i periodar i 2018 vore krevjande å utføre oppgåvene innafor den bemanninga som er fastsett og med den ønskete kvalitet. Dette skuldast større arbeidsmengde med dei kommunane vi er sekretariat for samstundes som vi har fått nokre nye kommunar. I januar 2018 vart kontrollsjefen i Sogn og Fjordane

fylkeskommune langtidssjukemeld. Vi fekk førespurnad frå kontrollutvalet om vi kunne hjelpe dei med å utføre sekretariatsoppgåvene under sjukefråværet noko vi sa ja til. Dette har sjølvstamt medført at arbeidspresset i 2018 hor vore større enn eit normalår. Vi reknar med at dette vil normalisere seg utover hausten 2018. Sekretariat for kontrollutvalet har no ei stillingsramme på 5 årsverk. Grunna 20 % AFP for ein medarbeidar, er det reelt sett 4,8 årsverk.

4. Kort omtale av kvar budsjettfunksjon

Nedanfor har vi knytt nokre kommentarar til ein av den største budsjettpostane i budsjettet til kontrollutvalet (110200):

12780 Kjøpte tenester

Desse midlane er ekstra tiltaksmidlar som det er tenkt at kontrollutvalet kan disponere dersom det dukkar opp uføresette forhold som gjer at det må kjøpast meir ekstern bistand for å utføre kontrollarbeidet. Dette kan t.d. vera på bakgrunn av saker som vert omtala i media og som gjer at det må settast i verk ein forvaltningsrevisjon raskt. Det kan også vera andre ikkje planlagde aktivitetar som måtte dukke opp frå andre hald t.d. øvrig forvaltningsrevisjon, øvrig selskapskontroll og øvrig utgreiing.

Dersom kontrollutvalet ikkje har desse ekstra tiltaksmidlane til disposisjon vil det kunne føre til at kontrollutvalet må be fylkestinget løyve meir pengar før ein kan sette i gang ein ekstra naudsynt kontrollaktivitet. Kontrollutvalet utfører som kjent sin kontroll av m.a. administrasjonen på vegne av fylkestinget. Det er difor berre fylkestinget som kan løyve meir pengar til kontrollutvalet. I verste fall kan det ta opp til fire månader før neste fylkestingssete.

Det er ei målsetting at kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune skal gjennomføre folkevaldopplæring saman med dei fylkeskommunale kontrollutvala i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Rogaland fylkeskommunar i valperioden 2015 – 2019.

Nedanfor har vi knytt til nokre kommentarar til ein av dei største budsjettpostane i budsjettet til sekretariat for kontrollutvalet (110150):

16530 Tenester

Sekretariatet har, i tillegg til Hordaland fylkeskommune, også teke på seg å vera sekretariat for 17 andre kommunar i Hordaland i tillegg til Bergen Kirkelige Fellesråd (BKF). Desse oppgåvene vert fakturert på bakgrunn av avtalar som er inngått i det einskilde oppdraget. 8 av kontraktane har vi vunne i konkurranse med andre og dei gjeld fleire år fram i tid. Resten av kontraktane vert automatisk forlenga med eit år om gongen dersom ingen av partane seier opp avtalen innan ein avtalt dato, varierende frå 01.09.18 til 01.11.18. Her er det alt frå nokre månader oppseiingstid til eit års oppseiingstid, rekna frå årsskiftet.

Nedanfor har vi knytt til nokre kommentarar til den største budsjettposten i budsjettet til ekstern revisor (110250):

12780 Kjøpte tenester

Det vart, etter prosess med konkurranseutsetting, inngått ny avtale med Deloitte AS gjeldande frå 1.7.2017. Avtalen gjeld til 30.6.21. Kostnadene til revisjon som er lagt inn i budsjettet bygger på den nye kontrakten. Risksrevisjonen har fram til og med 2017, på vegne av fylkeskommune sin revisor, revidert vegsektoren.

Frå og med 2018 er det fylkeskommunen sin eigen revisor som må gjera dette arbeidet. Det er difor lagt inn kostnader til dette i tråd med opsjon som låg inne i konkurransegrunnlaget for kontrakten som vart inngått frå 1.7.2017.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet godkjenner budsjettframlegga for 2019 slik dei ligg føre.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 27.08.2018

Handsaming i møte

Kontrollsjef, Hogne Haktorson, presenterte forslaga til budsjett og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet godkjenner budsjettframlegga for 2019 slik dei ligg føre.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

1 Taldel - Budsjett 2018 - kontrollorgan